



Arkivnr: 2015/9722-5

Saksbehandlar: Kari Patricia Kleppe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.11.2015

## Unike regionale utviklingsprosjekt - investeringstilskott til regional utvikling 2015-2016

### Samandrag

Midlar til regionale utviklingsprosjekt har vore lyst ut breidt i aviser i Hordaland frå juni og sendt til alle kommunane med 12 vekers frist. Søknadane har vore vurdert av ei gruppe samansett frå dei aktuelle fageiningane i administrasjonen.

Støtta skal gå til prosjekt som medverkar til å skapa gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn – lokalt som regionalt. Midlane skal primært gå til investeringsfremål og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretisert.

Det er 16 prosjekt som er vurdert under ordninga. Beløpet som er til fordeling er kr. 10,5 mill., og det totale beløpet det blir søkt om er kr. 28,079 mill..

### Forslag til vedtak

1. Følgjande får tilskot som strategisk viktig prosjekt for regional utvikling for 2015 – 2016

#### Prosjekt:

Folgefonnsenteret, Kvinnherad  
Sunde Kyst- og Litteratursenter, Kvinnherad  
Lyssetting av Smelteverkstomta, Odda  
Den nye Hangursbanen, Voss  
Nothengjo på Hellesøy, Øygarden  
0-meter over havet – overnattingskabiner for padlere, Fjell  
Hedleberget, Voss

#### Beløp

kr. 2,5 mill.  
kr. 2,44 mill.  
kr. 1,5 mill.  
kr. 1,5 mill.  
kr. 2,0 mill.  
kr. 0,3 mill.  
kr. 0,26 mill.

2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjekta vert gjennomført etter intensjonane, og at fylkeskommunen si rolle vert synleggjort.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 28.09.2015

### Bakgrunn

Tidlegare, frå 2003 til utdelinga for 2013 var midlane direkte knytt til konsesjonskraft og kalla «Bruk av konsesjonskraftmidlar til regionale utviklingstiltak».

Ramma for 2015 er 9,131 mill. kr. til Regionale utviklingsprosjekt under budsjettpost 715 Lokal og Regional utvikling. Av dette er 4 mill. kr. disponert til turistvegprosjektet «Fossar i Hardanger» (4mill. kr. pr år i 10 år fra 2012) I budsjettet står det at det blir tatt sikte på utlysning av midlar i 2015, da også med midlar for 2016.

Fylkeskommunen har sidan 2013 hatt tilskotsordning «Midlar til regionale utviklingstiltak».

Midlane skal gå til regionale utviklingsprosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket. Det er ein føresetnad at prosjekta medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn - lokalt som regionalt. Hordaland fylkeskommune ønskjer saman med kommunane, næringslivet og andre utviklingsaktørar, å bidra til positiv regional utvikling.

**Midlar for 2015 og 2016 vert lyst ut saman og utgjer om lag 10,5 mill. kr, med atterhald om uendra ramme i 2016.** Grunna stor etterspurnad vert midlane fordelt for to år.

### Tidlegare tildeling

Tidlinga for 2013-2014 var på 8,4 mill. kr. og Fylkesutvalet prioriterte fylgjande prosjekt som strategisk viktige for regional utvikling:

<u>Prosjekt</u>	<u>Beløp</u>
Ullensvang fleirbrukshall	2,0 mill. kr.
Folgefonnsenteret	1,9 mill. kr.
Lindehuset, Odda	3,0 mill. kr.
Fargeriet, Strusshamn Askøy	1,5 mill. kr.

### Kreterier for tildeling av midlar 2015-2016

Midlar til regionale utviklingsprosjekt har vore lyst ut bredt i aviser i Hordaland frå juni. Utløysinga er også sendt til alle kommunane med 12 vekers frist. Søknadane har vore vurdert av ei gruppe samansett frå dei aktuelle fageiningane i administrasjonen. Tildelingane er vurdert å ikkje vera i strid med EØS-regelverket om statstøtte.

### I samband med utlysinga vart fylgjande kreterier satt:

#### **Kven kan søkje**

Hordaland fylkeskommune inviterer med dette primært kommunane til å søkje om investeringstilskot til unike regionale utviklingsprosjekt. Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må kunne dokumentera god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.

#### **Kva kan støttast**

Støtta skal gå til investering i lokalt forankra unike utviklingsprosjekt der ein kan skape noko særmerkt som styrkar kommunen og regionen. Prosjekta bør ha ambisjonar om å verte synlege landemerke i regionen og forvente å ha lokale og regionale ringverknader. Midlane er primært tiltenkt investeringsformål. Midlane skal ha ein utløysande effekt og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretiserte.

#### **Krav til søknaden**

Søklar må grunngje kvifor prosjektet er strategisk viktig for regionens utvikling og forventta regionale ringverknader. Ein prioriterer prosjekt som er klar for realisering med ferdig forprosjekt.

Alternativt må planlegging av prosjekta vere avslutta seinast i løpet av 2015 og ha oppstart i 2016. Det må synleggjerast at prosjekta er så modne at dette er realistisk.

Det vert stilt krav til realismen i prosjekta og til framdriftsplanane. Prosjekta må dokumentera finansieringsplan. Om dette ikkje er på plass ved innsending av søknaden, ber vi om at dette vert ettersendt så snart som råd og før søknaden vert handsama. Detaljert budsjett og finansieringsplan med oppsett over prosjektering, utbygging og samla totalt. Finansiering dokumenterast ved kopi av vedtak eller tilsegn.

Aktørar som støttar søknaden dokumenterast ved eventuelle vedtak, støtteerklæring o.l.. Tilhøve til offentlege planar og naudsynt løyve/ konsesjonar o.l., anna relevant informasjon, eventuelt link til nettside.

## Oversikt over søknader 2015 -2016

Prosjektnavn	Søkar	Totalkostnad	Søkt beløp	Forslag til tildeling
Følgefonnsenteret – Søknad om tilskot	Kvinnherad kommune	30,1 mill.	3 mill.	2,5 mill.
Sunde Kyst- og Litteratursenter. Byggetrinn 1	Sunde Kyst- og Litteratursenter	5,04 mill.	3 mill.	2,44 mill.
Den nye Hangursbanen, Voss	Voss Resort AS	30 mill.	1,5 mill.	1,5 mill.
Lyssetting av Smelteverkstomta	Odda kommune	2,7 mill.	1,5 mill.	1,5 mill.
Nothengjo på Hellesøy, restaurert landemerke i Øygarden	Hengjos Venner	2,815 mill.	2 mill.	2,0 mill.
Hedleberget Voss	Interessegruppa for Hedleberget	0,26 mill.	0,26 mill.	0,26mill.
0-meter over havet – overnattingskabiner for padlere	Fjell kommune, Kulturavdelinga	0,6 mill.	0,3 mill.	0,3
Støtte til utstillingsmodular i Følgefonnsenerert	Kvinnherad kommune	3 mill.	3 mill.	
Hardangerbadet	Kvam herad	30 mill.	5 mill.	
Den tette byen – byggjetrinn 1	Stord kommune	1,2 mill.	1 mill.	
Servicebygg Røldal bygdemuseum/Pilgrimssenter	Odda kommune	2 mill.	1 mill.	
Visningssenter for Bjørn West museum og Stølsheimen	Masfjorden kommune	1 mill.	1 mill.	
Etablering i Hardanger av Norsk Natursenter	Eidfjord kommune	25 mill.	2 mill.	
Opprusting av Moster Amfi med nye benker med rygg	Moster Amfi og Kyrkjehistorisk Senter AS	3,3 mill.	2 mill.	
Oppgradering av vegen til Følgefonna	Jondal kommune	3 mill.	1,5 mill.	
Øykjaskoro vel – kvilehytte, Tysnes	Øykjaskoro Vel	0, 06	0,015	
<b>Total sum søknader</b>			<b>28,079 mill.</b>	
<b>Total sum til fordeling</b>				<b>10,5 mill.</b>

**Kommunane si holdning til egne søkte prosjekt og deira uttalte prioriteringar til søknader frå organisasjonar og institusjonar er lagt til grunn for alle prosjekta.**

Søklarane Sunde- Kyst og Litteratursenter, Hengjos Venner og Interessegruppa for Hedleberget er forankra i LivOGLyst-program. Dette var / er partnerskapen ved Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge Hordaland og Hordaland Fylkesmann sitt program for brei lokal samfunnsutvikling. Innbyggjarane med støtte frå kommunane, mobilisera bredt for engasjement og utvikling.

**Følgefonnsenteret – Søknad om restfinansiering av bygg og uteareal med sjøfront**

Følgefonnsenteret skal vera ein møteplass og eit formidlings- og kompetansesenter for forskning og forvaltning med utgangspunkt i Følgefonna nasjonalpark. Næringslivet, Bjerknessenteret, Havforskningsinstituttet, og Nasjonalparksenteret er sentrale leverandører til innhald i Følgefonnsenteret. Sentrale tema i Følgefonnsenteret er berekraftig bruk og utvikling med fokus på forskning, forvaltning, undervising, opplevingar, vern, tilsyn og næringsutvikling relatert til spennet frå Hardangerfjorden til

Folgefonna. Målet er å byggja opp fagmiljø lokalt med "høgkompetansearbeidsplassar", stimulera reiselivsnæringa og formidla kunnskap til skuleelevar/studentar.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Med dei store forskingsmiljøa som samarbeidspartnarar vil Folgefonnssenteret stå fram med ei fagleg breidde som gjer det unikt, også i samanlikning med andre natursenter. Senteret vil bidra til å utvikla Rosendal som ein attraktiv tettstad, og gje ringverknader til alle kommunane kring Folgefonnhalvøya ved utvikling av besøksmål og marknadsføring av regionen som reiselivsdestinasjon. Oppretting av "Stiftinga Folgefonnssenteret" er vedteke i kommunane Etne, Odda, Ullensvang, Jondal og Kvinnherad.

Tidlegare mottatt offentleg støtte frå fylkeskommunen er samla 7,4 mill. kr..

Regionale utviklingstiltak med 2,5 mill. i 2007 og 1,9 mill. i 2013. Kompensasjonsmidlar med 2,2 mill. i 2012 og 0,8 mill. i 2013.

Prosjektet var på anbuds konkurranse og resultatet var ei manglande finansiering på 5,2 mill. kr. Som er søkt med 1,5 mill. kr frå kvar av dei tre bidragsytarane: kommunane, private og fylket. Søknaden gjeld både restfinansiering av bygg med 1,5 mill. kr. og opparbeiding av uteareal og sjøfront med 1,5 mill. kr. Kvinnherad kommune har forskottet for fylkeskommunen med 1,5 mill. slik at arbeidet kan starta i oktober.

*Innstilling: 2,5 mill.*

#### **Sunde Kyst- og Litteratursenter. Byggetrinn 1**

Kvinnherad kommune har kjøpt den gamle vervplassen Bergslagen for at Stiftinga Sunde Kyst- og Litteratursenter kan drifta og utvikla plassen til eit regionalt senter for kystkultur og Sunnhordlandslitteraturen. Hovudbygningen ved Bergslagen, med verkstad og tidlegare bustad, treng gjennomgå oppgradering og ombygging for å verta ein tenleg stad for arrangement og aktivitetar rundt kystkultur og litteratur. Arbeidet må gjerast i fleire byggesteg og ein søker her om delfinansiering til byggjesteget 1 som er å rusta opp underetasjen som ligg på kaiplan. Søknaden bygger på ferdig forprosjekt delfinansiert gjennom Kulturelt Utviklingsprogram (KUP) frå Hordaland fylkeskommune.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Sunnhordlandslitteraturen er ein særeigen og sentral del av den norske litteraturen. Strandstaden Sunde blei i Kulturminneåret 1997 kåra til kulturminne i Kvinnherad. I tillegg til båtbyggjarverksemd fekk det i 1866 landets fyrste hermetikkindustri. Regionsenteret Husnes er eit ungt industri samfunn med få historiske bygningar. Sunde Kyst- og Litteratursenter vil gjera Husnes meir attraktiv ved å tilføra historisk forankring og formidla litteraturen og dei kystkulturelle tradisjonane. Prosjektet er lokalt forankra med regional og nasjonal verdi.

*Innstilling: 2,44 mill.*

#### **Den nye Hangursbanen, Voss**

Voss Resort AS utviklar ny Hangursbane som ein integrert del av det nye kollektivknutepunktet på Voss jernbanestasjon. Den nye Hangursbanen vil med ny design og teknologi ivareta tradisjon med gondol som symbol for Voss. Tiltaket vil modernisere og styrke det omdømme Voss og indre Hordaland har som eit heilårs reisemål. Dei omfattande planane for kollektivknutepunktet er satt i samheng med fortetting og utvikling av sentrum og berekraftig utvikling av Voss. Planprosessen er eit tett samarbeid mellom Voss kommune, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, NSB og ROM Eiendom. Voss Resort har inngått festeavtaler med ROM Eiendom for areala til gondol og hotell. Søknaden gjeld 1. byggetrinn som er fundamentering av gondolen.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Heilskapleg samarbeid mellom dei offentlege aktørane og næringsaktørar omkring utvikling av kollektivknutepunktet på Voss er førebiletleg. Etter innspel frå Hordaland fylkeskommune og styringsgruppa

for det nye knutepunktet er nedre stasjon av Hangursbanen utforma som eit signalbygg med særeigen arkitektur. Tiltaket blir universelt utforma og eit viktig folkehelse tiltak. Grunnlaget for å drive næring i regionsenteret Vangen vil bli styrka, det vil verta meir attraktivt å busetje seg i sentrumsområdet og Voss vert styrka som nasjonalt og internasjonalt reiselivsmål.

*Innstilling: 1,5 mill. Støtta vert tildelt som bagatellmessig støtte.*

### **Lyssetting av Smelteverkstomta**

Odda kommune sitt føremål med lyssettingsprosjektet er; å synleggjera Odda sine unike eigenskaper, binde saman sentrum med Smelteverkstomta, skape gode, attraktive område og dermed auka samfunnet, bedriftene og regionen si konkurransedyktigheit. Prosjektet utgjør ein delvis gjennomføring av lyssettingsplanen for heile Smelteverkstomta, som vil ha store bilfrie område. Odda sine unike bygningar og byrom vil bli framheva, og byen vil stå fram på en meir positiv måte. Odda har på mange måtar komet seg over nedgangen og ei synleggjering av alle aktivitetane som føregår på Smelteverkstomta kan og bidra til å gje Odda eit bedre omdømme.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Lyssetting vil gjera området meir attraktivt for lokalbefolkning, tilreisande og investorar og slik bidra til trivsel og verdiskaping i regionsentert og regionen. Bygningane, som er viktige kulturminner, vil verta meir synlege og turen gjennom Smelteverkstomta vil verta ei positiv og trygg oppleving. Ein vektlegg at lyssettinga vert førebiletleg med stor vekt på kvalitet og nyskaping i funksjon, design og stadsspesifikt uttrykk.

*Innstilling: 1,5 mill.*

### **Nothengjo på Hellesøy, restaurert landemerke i Øygarden**

Lokalbefolkninga ved «Hengjos Venner» har i lengre tid arbeida for at ein skulle ta vare på og ta i bruk Hengjo til beste for bygda og kommunen. Øygarden kommune har fått Hengjo i gåve og i år løyst ut grunneigarar slik at Stiftinga Kystmuseet i Øygarden/Museum Vest kan eiga og disponera bygget. Museet har inngått avtale med Hengjos Venner om utvikling og drift av kulturminne. Det er eit mål å få dette ferdig til sykkel VM 2017. Ferdig utvikla vil Hengjo både vera et kulturbygg og attraktivt aktivitetssenter samstundes som det med si særeigne historiske utforming og plassering vil vera eit unikt landemerke for regionen.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Hengjo er ei nothengje frå 50 tallet som er eineståande i størrelse og utforming. Den er eit unikt landemerke og ein sentral kulturberar for Øygarden kommune. Restaurering og innvendig utvikling vil gje moglegheit til å skapa infrastruktur for aktivitetar lokalt som sosial møteplass knytt til kulturformål og reiseliv. Hellesøy vil, ved restaurering av Hengjo, betre kunne utvikla og nytte sitt potensiale som utfartsstad for Bergen og regionen. Hengjo er eit sentralt kulturminne og må ved restaurering oppretthalda si opprinnelege form, samt ta omsyn til universell utforming.

*Innstilling: 2,0 mill.*

### **Hedleberget, Voss**

Hedleberget på Kyte var i byrjinga av 1900 talet den største arbeidsplassen på Voss, med omfattande uttak av skifer. No er det ein drivar att, men ei stor interessegruppe i bygda arbeider med å ivareta den unike historia. Grappa har restaurert gamle bygningar, produksjonsskjerper med jernbanespor, sorteringsbu og tipp i Hedleberget og laga til ei scene ute i eit stort amfi etter uttak av skifer frå fjellet. Med stor suksess er historisk formidling og arrangement vorte Kytebygda sitt nye felles satsingsområde. Til scena er det behov for tak, og dei søker om midlar til å setja opp eit estetisk grindbygg med skiferheller på taket. Regn er den største trusselen, publikum toler regn – men ikkje instrumenta.

**Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Interessegruppa for Hedleberget gjer eit framifrå arbeid for å ta vare på og formidla for ettertida den særmerka skiferindustrien og utviklar staden for nye opplevingar. Ein funksjonell scene ute i det store amfiet som skiferbrotet har skapt i fjellsida, vil vera ein viktig ressurs for utviklinga av den nye kulturnæringa på Hedleberget. Reiselivet på Voss og regionen får tilført ein ny arena for kulturformidling i naturen.

*Innstilling: 0,26 mill.*

**0-meter over havet – overnattingskabiner for padlere**

Fjell kommune har ei tydeleg satsing mot padling og sykling og har eit pilotprosjekt for merking og gradering av padleruter og satsinga rundt sykkel VM 2017. Kommunen søkjer om å bygge prototypar for to enkle overnattingskabinar med inngrepslause løysingar for padlere i kystlandskapet. 0-meter over havet er eit unikt prosjekt, ein materialisering av notidas fokus på bærekraft, natursnille inngrep og naturvern gjennom skånsam bruk av naturen med det enkle friluftslivet i fokus. Med støtte frå fylkeskommunen er det mogeleg å gjennomføre pilotprosjektet som kan leggje til rette for vidare utvikling i regional målestokk.

**Fylkesrådmannen sine vurderingar**

0-meter over havet – overnattingskabinar for padlere er innovativt i både design og funksjon. Bygging av to kabiner til enkel inngrepsmjuk overnatting i kysten sine friluftsområder. Pilotprosjektet er innovativt og med stort potensiale og overføringsverdi for auka regional og nasjonal bruk av kysten til padling og friluft.

*Innstilling: 0,3 mill.*

**Støtte til utstillingsmodular i Folgefonnseneret**

Målet med Folgefonnseneret er å etablera eit framragande senter for kunnskapsformidling med fokus på store tema innafor naturkunnskap. Det skal vera ei nasjonal og internasjonal samarbeidsplattform og eit flaggskip for tverrfagleg forskingsformidling med fokus på vatn, is, klima, biologisk mangfald og berekraftig utvikling. Sentralt i senteret vil det vera ei dynamisk utstilling som formidlar oppdatert tverrfagleg kunnskap i tidsaktuelt format relatert til dei nemnde tema. Målgruppene er barn og unge, allmennhet generelt og beslutningstakarar i privat og offentleg sektor. Senteret vert eit nav for "opplevingsturisme" for å utvikle produkt, kome i kontakt med kundar og finne saman.

**Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Folgefonnseneret skal innehalda ein interaktiv utstillingsdel, auditorium og kinosal, skulelaboratorium og eit kontorfellesskap for forskning og forvaltning. Kostnad for utvikling av innhald er avhengig av ambisjonsnivå og økonomisk støtte. Fylkeskommunen vert søkt om støtte til opplevings utstillinga «Vatnet sin syklus på Jorda». Fylkeskommunen syner til at ein har støtta bygget med 7,4 mill., samt innstilt på ytterlegare 3 mill. i denne runden for å prioritera ferdigstilling av bygget.

*Innstilling: Avslag*

**Hardangerbadet, Øystese**

I 10 år har det vore arbeidd med å få realisert eit nytt integrert bade-, helse-, trenings- og velværesenter, Hardangerbadet (HB), i tilknytning til Hardangerfjord Hotell (HH) i Øystese. Hardangerbadet skal omfatte tre integrerte hovudanlegg (symje/badeanlegg, komplementær aktivitet og legesenter) med ulike eigarar: Symje-/badeanlegg der 2/3 er eigd av Hardangerbadet KF (Kvam herad og eventuelle nabokommunar) der komplementære aktivitetar utgjer 1/3 og er eigd av Hardangerbadet AS. ANS Helsebanken er eigar av legesenteret. Det vil verta utarbeidd avtalar mellom dei ulike partane for å sikra ei best mogleg drift av senteret. Totale kostnader er 209 millionar kroner. Kvam herad har gjort vedtak om å prøva å få realisert prosjektet og går inn med 23 millionar kroner i badeanleggsdelen ved Hardangerbadet KF der 2/3 utgjer 90 millionar kroner. Spelemidlar til idretts- og friluftsanlegg vert søkt med 17 millionar kroner, samt at gjennom eit eventuelt samarbeid med andre kommunar kan dei søkje om 5 millionar kroner ekstra. Dei søkjer

Hordaland fylkeskommune om 10 millionar kroner i kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift i tillegg til 5 millionar kroner frå Regionale utviklingsmidlar.

#### ***Fylkesrådmannen sine vurderingar***

Hardangerbadet er ei planlagd samlokalisering av helsetenester med eit bade-, trenings-, og velværesenter med moglege synergieffektar både for kommunale oppgåver og kommersielle tenester innan helse og idrett samt hotell og reiseliv. Lokalbefolkninga vil kunne få eit tilbod som er positivt for trivsel og folkehelse, og som kan skape kompetansearbeidsplassar. Manglande dokumentasjon som mellom anna fullfinansiering og samarbeidsavtalar syner at prosjektet ikkje er klart for gjennomføring. Aktivitetane frå søknaden som *ferdigstilling av forprosjekt, inngåing av bindande avtaler og fullfinansiering av totalprosjektet* støttar oppunder denne vurderinga. Regionale utviklingsmidlar skal prioritera prosjekt som er klar for realisering med gjennomført forprosjekt, eventuelt med ein avslutning av forprosjekt seinast i løpet av 2015. Ein må og kunne dokumentera fullfinansiering samt ha ein realistisk tidsplan som legg til rette for oppstart i 2016. Ein løyving av regionale utviklingsmidlar vil i denne omgang ikkje ha utløysande effekt for gjennomføring av prosjektet.

*Innstilling: Avslag*

#### **Den tette byen – byggjetrinn 1**

Stord kommune vedtok ved århundreskiftet at torget skulle vera Stord sin tusenårs plass og at det skulle gå ein akse frå hamna opp over torget og til Visteensparken. I mellomtiden har Heiane næringsområde vokst og blitt ein konkurrent til handel på Leirvik. Det er eit sterkt ynskje om å ta attende Leirvik sentrum som møteplass og vitaliserast som sentrum for å skape optimisme - auke i handel - sysselsetjing – og trivsel. Opprusting av torget på Leirvik treng ein detaljplan for det vidare arbeidet og investeringar for realiseringa. Arbeidet omhandlar kunst, torghandel, musikkpaviljong, kafé og leik. Vidstenparken treng ein ferdig utbyggingsplan og investering i ny scene, amfi og servicebygg.

#### ***Fylkesrådmannen sine vurderingar***

Leirvik er regionsenter for Sunnhordland og i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland deltek kommunen i Byregionsprogrammet til KMD. Stord er blitt utfordra frå omlandskommunane på å ta ansvar for at Leirvik vert eit attraktivt og funksjonelt regionsenter. Det er difor positivt at Leirvik vert utvikla for å auka trivsel og attraktivitet. Tiltaka er i tidleg fase og ikke tilstrekkelig modent for støtte denne gangen.

*Innstilling: Avslag*

#### **Servicebygg Røldal bygdemuseum/Pilgrimssenter**

Odda kommune søker om eit servicebygg på Røldal bygdemuseum med universelt utforma toalett, med eit lite kjøkken, eit lite visningsrom med plass til projektor og lerret.

E134 vert om kort tid lagt i tunnell utanfor Røldal og bygda jobbar med å auke besøks- og bustadattraktiviteten og treng fleire bein å stå på enn den sesongprega vinterturismen.

Servicebygg på Røldal bygdemuseum/bygdetun skal skape aktivitet i museet, bli et kultursentrum, og samtidig være springbrett og nervesentral for utvikling av pilegrimssenter ved å etablere eit kontor for pilegrimsarbeidet. Totale kostnader for servicebygg er kr. 2 mill. og det vert søkt om kr. 1 mill..

#### ***Fylkesrådmannen sine vurderingar***

Røldal bygdemuseum er i dag eit kommunalt museum og er inne i ein prosess for å knyte det nærare Hardanger og Voss museum. Målet med det omsøkte prosjektet er å skapa eit større besøksmangfald og auka attraktivitet. Servicebygget når likevel ikkje opp som unikt og sentralt nok i ordninga for regionale utviklingsprosjekt.

*Innstilling: Avslag*

### **Visningscenter for Bjørn West museum og Stølsheimen**

Museum Vest og Bjørn West museet og Masfjorden kommune arbeider med ei konsolidering av Bjørn West museet inn i Museum Vest. Det er gjort eit forarbeid med å planleggja eit nytt bygg for Bjørn West museet. I samband med dette vert det vurdert å knyta museet til eit visningscenter for Stølsheimen i eit nytt fellesbygg på Matre ved E39. Fleire tema kan knytast til framtida sine utfordringar knytt til kultur, fred, demokrati, bærekraftig utvikling og klima. Saman med attraktive aktivitetar i Masfjorden og i regionen rundt, vil senteret kunne verta ein attraktiv stoppeplass for turistar, og vera grunnlag for næringsetablering både innan servering, lokalt reiseliv og for kunnskapsbaserte næringar.

#### ***Fylkesrådmannen sine vurderingar***

Prosjektet er forankra i Masfjorden kommune og i Bjørn West museet. Prosjekteigar Masfjorden kommune søkjer om midlar til forprosjekt i 2016. Midlane i denne ordninga skal primært gå til investeringsformål og til prosjekt som er komen langt i planlegginga, og ikkje til forprosjekt.

*Innstilling: Avslag*

### **Etablering i Hardanger av Norsk Natursenter**

Hardangervidda Natursenter Eidfjord (HNE) vil etter 20 år endra namn og innhald frå 1. april 2017. Senteret fornyar seg med 5 års mellomrom men vil no skapa eit meir moderne og tidsriktig natursenter med nasjonal fokus på natur, klima og miljø. Senteret skal fortsatt være eit nasjonalparksenter, men målet er først og fremst å vera det beste senter i Norge på formidling av naturinformasjon, eit opplevingscenter for spesielt reiseliv og turisme. Naturen må trekkast inn i utstillinga ved hjelp av visuelle og tekniske verkemiddel som skapar nye opplevingar.

#### ***Fylkesrådmannen sine vurderingar***

Hardangervidda Natursenter Eidfjord skal fornya innhald for oppleving og informasjonen med eit nasjonalt fokus på norsk natur, klima og miljø. Dei besøkande til HNE er stort sett turistar i bil/buss på veg til eller frå Bergen/Oslo og cruises/buss på Vestlandet, Hardangerfjorden og Sognefjorden. Det er eit vakse publikum, barnefamiljar og skuleelever er i mindretall. Søknaden når ikkje opp i konkurransen om unike regionale utviklingsprosjekt då senteret allereie er etablert og fornying med visuelle og utstillingstekniske verkemiddel soleis er eit driftsansvar.

*Innstilling: Avslag*

### **Opprusting av Moster Amfi med nye benker med rygg**

Moster Amfi sitt formål er å "leggja til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar" Moster Amfi har vorte omtalt som det mest unike uteamfi i Nord-Europa, og etablert seg som den mest kjende utearena i Noreg for store oppsetjingar. Planlegginga av 1000-årsjubileum av Kristenretten på Moster i 1024 er i full gong. Til dette trengst det ei opprusting av Amfiet Omlag 1000 nye nummererte sitjeplasser med god komfort der ein kan passera utan å måtta reisa seg. Amfiet vart bygd i 1983/84 med lave benker lagde rett på stein/grusfylling og med liten avstand mellom radene.

#### ***Fylkesrådmannen sine vurderingar***

Moster Amfi og Kyrkehistoriske senter som søkjer er eigd av Hordaland fylkeskommune 50% og Bømlo kommune 50%. Eigarane ser det som viktig at komforten vert betra for publikum i Amfiet. Opprustinga vil og betra reinhald og vedlikehald, og slik spara utgifter. Søknaden når ikkje opp som unikt regionalt utviklingsprosjekt då dette i stor grad er nye anskaffingar av inventar og soleis eit driftsansvar av eit allereie eksisterande tiltak.

*Innstilling: Avslag*

### **Oppgradering av vegen til Folgefonna**



Jondal kommune søker om oppgradering av vegen til Folgefonna, den er innfallsport til Folgefonna Nasjonalpark. Oppgradering ved sikring, møteplasser og auka oppleving ved fotopunkt/portal. Både Folgefonna sommarskisenter og vegen som eige besøksmål, vil bidra til auka verdiskaping både lokalt og regionalt. Utvikling av reiseliv med Folgefonna som fyrtårn, er ein av tre satsingsområde for næringsutvikling i Jondal kommune. Den korte avstanden mellom fjord og fonn er eit unikt reiselivsproduktet. I løpet av ein halv time kan ein bade i Hardangerfjorden og stå på ski eller klatre i isen på Folgefonna.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Jondal er ein av fem Nasjonalparklandsbyar i Norge der verdiskaping kopla til naturarven er ei målsetjing. Den 19 km lange vegen mellom fjord og brekanten er innfallsporten til Folgefonna Nasjonalpark og viktig både som infrastruktur og oppleving. 9 km av vegen er på Fv 105 og 10 km er kommunal veg. Søknaden omhandlar den kommunale delen av vegen. Søknaden gjelder ein eksisterande veg der deler av tiltaket er vedlikehald. Tiltaket nådde ikkje opp i konkurransen om unike regionale utviklingsprosjekt.

*Innstilling: Avslag*

#### **Øykjaskoro vel – kvilehytte, Tysnes**

Øykjaskoro Vel for Teigland, Ve og Våge området på Tysnes, søker om midlar til Kvilehytta/lysthuset som skal byggjast på dugnad og er eit tak med leveggar og benker. Eit mål er å få så mange som mogeleg ut i naturen ved å ha ei kvilehytte/lysthus som samlingsstad, skape gode sosiale relasjonar, og for å nyta den vakre naturen.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Tiltaket er positivt og vil inspirerer til mosjon som gjev god folkehelse. Kvilehytte / lysthus når likevel ikkje opp som unikt nok i ordninga for regionale utviklingsprosjekt.

*Innstilling: Avslag*

#### **Fylkesrådmannen si samla vurdering**

Dei prosjekta som ein rår til å støtta, er alle gode og realistiske prosjekt som vil bidra til utvikling i Hordaland. Prosjekta er breidt lokalt forankra og vil alle ha ringverknader for sine regionar i utvikling av attraktivitet, kunnskap og næring. Seks prosjekt er geografisk fordelt over fem kommunar; Voss kommune, Odda kommune, Kvinnherad kommune, Fjell kommune og Øygarden kommune.

#### **Fylkesrådmannen tilrår slik fordeling av støttemidlane:**

Folgefonnsenteret, Rosendal i Kvinnherad med kr. 2,5 mill. til siste fullfinansiering.

Sunde Kyst- og Litteratursenter, Kvinnherad med kr. 2,44 mill. til fyrste byggetrinn.

Den nye Hangursbanen, på Voss med kr. 1,5 mill. til fyrste byggetrinn.

Lyssetting av Smelteverkstomta i Odda med kr. 1,5 mill.

Nothengjo på Hellesøy, Øygarden med kr. 2,0 mill.

Hedleberget, Voss med kr. 0,26 mill.

0-meter over havet – overnattingskabiner for padlere, Fjell med 0,3 mill. til pilotprosjekt.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*